

Prosedyrar for registrering og oppfølging av elevfråvær

1. Føresette skal levere skriftlig melding til skulen ved alle typar fråvær (også timefråvær).
2. Alt fråvær skal registrerast. Faglærarar må derfor melde frå til kontaktlærar. Kontaktlærar har ansvaret for at det blir ført riktig fråvær, samt å halde oversikt over enkeltelevar sitt fråvær.
3. Ved fråvær på meir enn tre dagar skal eleven sine føresette ta kontakt med skulen og melde frå om årsaka til fråværet.
4. Kontaktlærar skal ta kontakt med føresette dersom slik melding manglar.
5. Dersom ein elev har høgt fråvær (meir enn 10 dagar per halvår), skal:
 - Skulen si leiing orienterast.(konseptansvarleg)
 - Saka vert drøfta i skulen sitt ressursteam.(Konseptansvarleg, kontaktlærar og teamleiar(ar))
 - Skulen kallar føresette inn til møte for å drøfte eleven sitt fråvær. («Mal for foreldresamtale knytt til alvorleg skulefråvær» kan brukast.)
 - Skulen må i forkant ha kartlagt fråværet, klasse miljøet og (om mogleg) drøfta problematikken med eleven. (Til dette kan «Vurderingsskjema for skulevegring» brukast.)
 - Aktuelle tiltak vurderast, og settast inn i ein samarbeidsavtale.
 - Eleven og foreldre vert tilbydd samtale med helsesjukepleiar. Denne handlingskjeda bør gjennomførast snarast. Det kan også etter ei skjønns messig vurdering vere rett av skulen å gjere desse tiltaka før eleven har 10 registrerte fråværsdagar i løpet av eit halvår.
6. Dersom fråværet fortset, kallar konseptansvarleg inn til møte med foreldre, elev, kontaktlærar, teamleiar, helsesjukepleiar og eventuelt sosiallærar/miljøterapeut. Gruppa drøftar eleven sin situasjon og vurderer/utarbeidar ytterlegare tiltak.
7. Fråværsproblematikken vert drøfta vidare i skulen si ressursgruppe(hjå oss er dette kontaktlærar, teamleiarane og konseptansvarleg)
8. Dersom fråværet varer vidare, vert saken tatt vidare til PPT, BUP og/eller barnevernstenesta.
9. Skulen vurderer jamleg sine prosedyrar for fråværsføring(siste møtet i kvar måned.. samråd eller teamleiar møtet), felles regelhandtering og intern og ekstern kommunikasjon rundt elevfråvær.